

UNIVERSITY OF TORONTO

Kartlegging av rammevilkår for kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne vedtok å gjennomføre ei kartlegging av rammevilkåra for dei kommunale råda for personar med nedsett funksjonsevne i møte 28.08.2020 (PNF-16/20).

Fylkesrådet ønskjer å vite meir om korleis råda i kommunane blir involverte i kommunale saker, kva rolle rådet har og kva rammeføresetnader som er gitt for at rådet for personar med nedsett funksjonsevne skal kunne gjere den jobben dei er sett til.

Vi håpar resultata frå undersøkinga kan bli nytta for å få eit samla oversyn over kva rammevilkår dei kommunale råda for personar med nedsett funksjonsevne har i Møre og Romsdal. Det vart gjennomført ei liknande undersøking i 2017. Det vil vere interessant å samanlikne resultata frå førre undersøking med denne. Kartlegginga vil også gi eit grunnlag for rådet, for å vurdere kva saker som er viktig å sette på dagsorden i høve dei kommunale råda for personar med nedsett funksjonsevne.

Spørjeskjemaet vart sendt til alle råda for personar med nedsett funksjonsevne i fylket, ved leiar av utvalet og rådssekretær. Vi ønskja at leiar svarte på undersøkinga, gjerne med hjelp frå rådssekretær. Det var også ei moglegheit at rådet gjekk gjennom undersøkinga i eit møte og svarte i fellesskap.

17 av 26 kommunar i Møre og Romsdal har gitt tilbakemelding på skjemaet, det vi seie ein svarprosent på 65,38 prosent. Ein kommune har per dato ikkje eit fungerande råd, men er i ein prosess med å slå utvalet saman med eldrerådet. Tek vi høgde for dette var svarprosenten 68. I tillegg til dei 17 kommunane som har svart på undersøkinga, er det ein kommune som har svart på delar av undersøkinga. Det er gitt ei felles tilbakemelding der svaret er sendt inn av leiar av rådet (88,2 prosent), eller anna rolle i rådet (11,8 prosent). I forkant av undersøkinga vart storparten av kommunane ved sekretariatet for råda, informerte om kartlegginga.

Molde, februar 2021

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne

Samandrag

Kartlegginga viser at av dei 17 kommunane som har svart har 88,2 prosent eige råd. 11,8 prosent har fellesråd for personar med nedsett funksjonsevne og eldre.

Samansetting av råda

Det er nokre fleire kvinner (51,9 prosent) enn menn (48,1 prosent) som sit som rådsmedlem i rådet. Fordelinga av kvinner og menn er så og si lik som kartlegginga av rammevilkår i 2017.

Medlemmane av rådet er i all hovudsak enten politikarar, eller kjem frå organisasjonane (t.d FFO, SAFO). Desse to gruppene har om lag lik representasjon i dei kommunale råda. Når det kjem til aldersamansetning i rådet er 4,9 prosent av rådsmedlemmane i aldersgruppa 20-29 år og 8,2 prosent i alderen 30-39 år. Aldersgruppa over 70 år har 21,3 prosent av rådsmedlemmane.

På spørsmålet om brukarrepresentantane blir valt etter forslag frå organisasjonane, svarar 75 prosent ja på det, 6,3 prosent svarer nei og 18,8 prosent veit ikkje. Det er ei positiv utvikling frå førre undersøking.

50 prosent av rådsleiarane er politikarar og vel 42 prosent av rådsleiarane er brukarrepresentantar.

Organisering

Alle 17 kommunane som har svart, stiller med sekretær i rådsmøte. Storleiken på sekreteriatsressursen varierer mellom 5-15 prosent. Det var få kommunar som har angitt kor stor del av eit årsverk som blir brukt til å følgje opp rådet. Det var fleire av dei kommunale råda som gir tilbakemelding om at dei ikkje veit kor stor ressurs som er sett av for å følgje opp rådet. Organisatorisk er sekretær for rådet plassert i avdeling for demokrati og kommunikasjon/politisk sekretariat, servicekontoret, fellestenestene og kommunedirektør/rådmannen sin stab. Nokre har sekretariatet plassert i helse og omsorg (fagavdeling). Det er med andre ord litt ulikt kvar i organisasjonen den enkelte kommune har plassert denne ressursen.

Vel 83 prosent har utarbeidd eige reglement for rådet. Litt i overkant av 11 prosent svarer nei og 5,6 prosent svarer veit ikkje. Dette er ei positiv utvikling i

frå 2017, med ein auke på 6 prosentpoeng som har utarbeidd eige reglement for rådet og ein nedgang på vel 7 prosentpoeng på dei som ikkje veit om det er utarbeidd.

Økonomi

I underkant av 69 prosent av råda som har svart seier at dei ikkje har eiga budsjettramme. 25 prosent av råda har eiga budsjettramme. Berre tre av råda har oppgitt ein sum, den ligg på om lag 30 000 kroner. I førre undersøking var det 2/3 av råda som svarte at dei hadde eiga budsjettramme.

Opplæring

Eit av funna i frå kartlegginga i 2017 var at det var eit behov for å arbeide vidare med å sikre at rådsmedlemmane fekk god opplæring når dei starta i jobben i rådet. Då var det nesten 40 prosent som svarte at dei ikkje hadde fått noko form for opplæring.

I denne undersøkinga svarer vel 35 prosent at dei ikkje har fått noko form for opplæring i rådet si verksemd. 41,2 prosent svarer at dei skulerer seg sjølv, mens 35,3 prosent har fått opplæring av kommunen. Like mange har fått opplæring av interesseorganisasjonane. 23,5 prosent svarer at dei har hatt eit anna opplæringstilbod.

Dei største endringane i frå førre undersøking er ei auke på om lag 15 prosentpoeng som har fått opplæring frå brukarorganisasjonar. Det er også ei auke på om lag 15 prosentpoeng av dei som skulerer seg sjølve. Det er fortsett eit behov for å arbeide vidare med å sikre at rådsmedlemmane får god nok opplæring.

Påverknad

41,2 prosent av dei 17 kommunale råda som har svart, meiner dei har ganske stor innflytelse på dei sakene som rådet behandlar sett under eitt. 58,8 prosent meiner at dei har ganske liten påverknad. I 2017 var det halvparten som meinte dei hadde stor påverknad, og halvparten liten påverknad.

Her kan det tyde på at det har vore ei negativ utvikling dei siste tre åra. Det er eit potensiale for rådet for personar med nedsett funksjonsevne i Møre og

Romsdal, saman med dei kommunale råda, å auke graden av påverknad i saksbehandlinga i alle kommunane.

I spørjeundersøkinga bad vi om innspel på korleis det fylkeskommunale rådet kan støtte dei kommunale råda i deira arbeid. Nokre av innspela er:

- Leggje til rette for møter og konferansar
- Nettverksbygging og informasjonsdeling mellom råda
- Protokollen frå fylkesrådet vert brukt i møta
- Fylkesrådet kan påverke fylkeskommunale planar
- Saknar kommentarar om krav til universell utforming
- Opplæring – kan det fylkeskommunale rådet vere eit støtte i dette arbeidet?




Covid 19




Som følgje av pandemien er det fleire av kommunane som har gått over til enten telefon, eller digitale møte. Det er fleire kommunar som seier at dei då har fått gjennomført alle møta og at aktiviteten i rådet har vore lite påverka av den pågåande pandemien. Det er nokre kommunale råd som melder frå om at det er møte som har blitt avlyst og at aktiviteten har vore lågare enn normalt. Det er altså litt ulikt korleis pandemien har påverka arbeidet i dei kommunale råda.

Det vart til slutt i undersøkinga gitt høve til å gi andre kommentarar:


- Det blir etterspurt korleis dei kommunale råda blir informert om resultatata som kjem fram av undersøkinga.
- Ein kommune viser til at dei har god erfaring med eit fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
- Det blir stilt spørsmål om det er vanleg å samarbeide med råd i andre kommunar. Utveksle erfaringar og idear blir trekt fram som noko som hadde vore bra.
- Ein kommune melder tilbake at dei kunne tenke seg at det var avsett ein større administrativ ressurs til å følgje opp rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

17 av 26 kommunar har gitt tilbakemelding på spørjeskjemaet





Har rådsmedlemene fått nokon form innføring/opplæring i rådet si verksemd? Fleire kryss mogleg



Stiller kommunen til rådighet sekretariat for rådet?


Svar: Ja (100%)

I tilfelle ja, kor stor del av eit årsverk (i prosent)

Fleirtalet av kommunane har ikkje avsett ein bestemt prosent av eit årsverk til arbeidet med rådet for personar med nedsett funksjonsevne. I 4 svar er det oppgitt del av eit årsverk. Det er ein variasjon frå 5 prosent til 15 prosent. Nokre svarar at dei får hjelp etter behov.


Ut frå svara er sekretariatsfunksjonen organisert slik:

- Servicekontoret/fellestenesta: 4 kommunar
- Politisk sekretariat: 4 kommunar
- I kommunedirektør/rådmannens stab/sentraladministrasjonen: 6 kommunar
- I fagavdelingar (pleie og omsorg, tildelingskontor, kommunalsjef helse): 3 kommunar





I tilfelle ja, kor stort (tal i kroner)

I underkant av 69 prosent av råda som har svart seier at dei ikkje har eiga budsjетtramme. 25 prosent av råda har eiga budsjетtramme. Berre tre av råda har oppgitt ein sum, den ligg på om lag 30 000 kroner.




Ut frå tilbakemeldingane frå råda ser det ut som sekretariatet langt på veg bistår med dei same oppgåvene i den enkelte kommune. Sekretariatet tek seg til dømes av innkalling, protokollføring og vidaresender saker som er relevante for rådet.



Kven bestemmer vanlegvis kva saker som skal leggest fram for rådet?

Leiar for rådet	88,90 %
Ordførar	22,20 %
Rådmann	33,30 %
Andre i kommunen sin administrasjon	50 %
Sekretariatet for rådet (administrativt tilsette med særskilt ansvar for rådet)	94,40 %
Kommunestyret	38,90 %
Fagkomitear eller faste politiske utval	27,80 %
Andre	44,40 %
Veit ikkje	0 %


I forhold til kven som bestemmer kva for saker som skal opp i rådet, så er det sekretariatet eller leiar som oftast gjer det.




Når i arbeidet blir rådet som regel involvert i dei kommunale prosessane (t.d. planar, utviklingsarbeid, større byggeprosjekt)?

Det er eit fleirtal av råda som har svart at dei er godt nøgde med at dei blir tidleg involvert i planprosessar. Nokre råd svarer at det varierer etter type sak. Det kan sjå ut som om rådet blir tidleg involvert i «plansaker», men seinare i «byggesaker». Fleire råd skriv at dei er involvert tidleg i større byggeprosjekt. Det er også fleire som skriv at dei blir involvert i høyringsfasen. Nokre råd skriv at dei blir involvert for seint. I undersøkinga som vart gjennomført i 2017, svarte dei kommunale råda litt meir positivt i forhold til den innverknaden rådet hadde. I 2017 var det 6,5 prosent av råda som meinte dei hadde stor innverknad, mens 45,2 prosent av råda meinte dei hadde ganske stor innverknad.

Tar rådet ofte opp saker på egenhand, eller uttaler rådet seg først og fremst om saker som blir lagt fram av kommunen?




Omtrent kor mange saker behandlar rådet per år?



Dei kommunale råda blir involvert i fleire saker enn kva som var tilfelle når forrige undersøking vart gjennomført i 2017. 41,2 prosent av råda behandla mellom 20-30 saker, mens 23,6 prosent av råda har behandla over 30 saker. I 2017 svarte 35,5 prosent av råda at dei behandla 10-20 saker og 29,0 prosent melde tilbake at dei behandla mindre enn 10 saker. Det kan sjå ut som aktiviteten i dei kommunale råda har auka sidan 2017.


Under kjem ei liste over ulike saksområde som det kan tenkast at rådet arbeider med. Kor vanleg vil du seie at det er at rådet arbeider med følgande saksområde?



	Svært uvanleg	Nokså uvanleg	Nokså vanleg	Svært vanleg	Veit ikkje
Stadsutvikling/byutvikling	0,0 %	16,7 %	66,7 %	11,1 %	5,6 %
Fysisk aktivitet/folkehelse	0,0 %	11,8 %	70,6 %	17,6 %	0,0 %
Kultur	16,7 %	38,9 %	27,8 %	5,6 %	11,1 %
Barnehage/skole	0,0 %	27,8 %	66,7 %	5,6 %	0,0 %
Bygningar	0,0 %	0,0 %	66,7 %	33,3 %	0,0 %
Transport	5,6 %	27,8 %	38,9 %	11,1 %	16,7 %
Uteområde	0,0 %	5,6 %	61,1 %	27,8 %	5,6 %
Helse/sosial/omsorg	5,6 %	0,0 %	27,8 %	66,7 %	0,0 %

Det er saker knytt til helse og omsorg som er mest vanleg og som oftast blir drøfta i rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Det er òg vanleg at råda blir involvert i saker knytt til bygningar og uteområde.

Kor viktig er følgande faktorar, etter din meining når det gjeld å få innverknad?



	Ikkje viktig	Litt viktig	Nokså viktig	Svært viktig	Veit ikkje
At personar som har kompetanse på relevante fagfelt er medlemmar av rådet?	0,0 %	16,7 %	38,9 %	44,4 %	0,0 %
At rådet har romsleg budsjett	22,2 %	33,3 %	22,2 %	11,1 %	11,1 %
At administrasjonen deltek i rådet og drøftar/får signal på eit tidleg tidspunkt i prosessen	0,0 %	0,0 %	5,6 %	94,4 %	0,0 %
At politikarane deltek i rådet og drøftar/får signal på eit tidleg tidspunkt i prosessen	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100,0 %	0,0 %
At rådsmemberne får opplæring i kommunale politikktutforming og prosedyrar	0,0 %	5,6 %	16,7 %	77,8 %	0,0 %
At rådsmemberne får opplæring om viktige sakfelt til personar med nedsett funksjonsevne	0,0 %	0,0 %	27,8 %	72,2 %	0,0 %

Dei kommunale råda meiner det er viktig å få god opplæring i rådsarbeidet for å kunne kome med innspel og medverke i viktige saker og prosessar. Den viktigaste faktoren for å få innverknad er at også politikarane og administrasjonen deltek i rådet. Råda meiner det er viktig å kome tidleg i dialog med administrasjonen og politikarane når nye saker/prosessar vert drøfta.

Spørjeskjema

Kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne

Målet med denne undersøkinga er å kartlegge rammeføresetnadane for dei kommunale råda for personar med nedsett funksjonsevne i Møre og Romsdal

1) Kommune

Din
kommune

2) Kva funksjon har du i rådet?

- Leiar for rådet Anna rolle i rådet

3) Kva slags råd har kommunen?

- Eige råd
 Fellesråd for menneske med nedsett funksjonsevne/eldreråd

Kryss av og skriv deretter inn talet

4) Korleis er rådet samansett?

Kryss av og
skriv
deretter tal
medlemmar:

Representantar for eldre (i tilfelle fellesråd)

Representantar for organisasjonar (til dømes FFO, SAFO...)

Representantar for politikarar

Tilsette i kommunen (utanom sekretariatet)

Andre

5) Blir representantane frå (FFO/SAFO m.fl) valt etter forslag frå organisasjonane?

- Ja Nei Veit ikkje

6) Frå kva av desse gruppene er leiaren av fellesrådet henta frå?

- Eldre (til dømes pensjonistforrening)
 Organisasjonar (til dømes FFO, SAFO...)
 Politikarar
 Tilsette i kommunen

Kryss av og skriv deretter inn talet

7) Kor mange av rådmedlemene er

	Kryss av og skriv deretter inn talet:	
Kvinner	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Menn	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Totalt	<input type="radio"/>	<input type="text"/>

Kryss av og skriv deretter inn talet på medlemmar i den enkelte aldersgruppe.

8) I kva aldersgruppe er medlemmane i rådet?

	Kryss av og skriv deretter inn talet på medlemmar i den enkelte aldersgruppe.	
20-29 år	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
30-39 år	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
40-49 år	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
50-59 år	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
60-69 år	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
over 70 år	<input type="radio"/>	<input type="text"/>

Fleire kryss mogleg

9) Har rådsmedlemene fått nokon form for innføring/opplæring i rådet si verksemd? (Fleire val)

- Ja, av kommunen
- Ja, av interesseorganisasjonar f.eks. FFO, SAFO
- Rådet skulerar seg sjølve
- Anna opplæringstilbod
- Nei

10) Andre kommentarar:

11) No følger nokre spørsmål om kva administrative ressursar kommunen stiller til rådighet for rådet

12) Stiller kommunen til rådighet eit sekretariat for rådet?

- Ja Nei Veit ikkje

13) I tilfelle ja, kor stor del av eit årverk (i prosent)

14) Kor i kommunen sin administrasjon er sekretariatsfunksjonen plassert ?

15) Har rådet eiga budsjettamme?

- Ja Nei Veit ikkje

16) I tilfelle ja, kor stor (tal i kroner) ?

17) Kva av følgjande oppgåver ivaretek sekretariatet? (Fleire val)

- Vidaresender relevante saker til høyring i rådet
- Kallar inn til møter
- Førebur saksframlegg for rådet
- Er til stades på møta
- Tar referat frå møta/fører protokoll
- Sender over saker frå rådet til rette instans i kommunen (t.d. rådmann, etatsleiarar, ordførar)
- Melder tilbake til rådet kva vedtak som blir gjort
- Arrangerer konferansar/møter (utover rådsmøta)
- Anna

18) No følger nokre spørsmål om kva rådet arbeider med

19) Er det utarbeidd reglement for rådet?

- Ja Nei Veit ikkje

20) Går det fram av kommunen sine interne reglar kva saker som skal leggest fram for rådet?

- Ja Nei Veit ikkje

21) Kven bestemmer vanlegvis kva saker som skal leggest fram for rådet? (Fleire val)

- Leiar av rådet
- Ordførar
- Rådmann
- Andre i kommunen sin administrasjon
- Sekretariatet for rådet (administrativt tilsette med særskilt ansvar for rådet)
- Kommunestyret
- Fagkomitear eller faste politiske utval
- Andre
- Veit ikkje

22) Om du tenker på alle saker rådet handsamar under eitt, kor stor innflytelse vil du sei rådet har?

- Svært liten/ingen Ganske liten Ganske stor Svært stor

23) Når i arbeidet blir rådet som regel involvert i dei kommunale prosessane (t.d. planar, utviklingsarbeid, større byggeprosjekt)?

0/4000

24) Tar rådet ofte opp saker på eigenhand, eller uttalar rådet seg først og fremst om saker som blir lagt fram av kommunen?

- Rådet tar stort sett opp saker på eigenhand
- Rådet uttalar seg først og fremst om saker som kommunen legg fram
- Begge deler
- Veit ikkje

25) Omtrent kor mange saker behandlar rådet per år?

- mindre enn 10
- 10 - 20
- 20-30
- 30 - 40
- fleire enn 40

26) Under kjem ei liste over ulike saksområde som det kan tenkast at rådet arbeider med. Kor vanleg vil du seie at det er at rådet arbeider med følgende saksområde?

	Svært uvanleg	Nokså uvanleg	Nokså vanleg	Svært vanleg	Veit ikkje
Helse / sosial / omsorg	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Uteområde	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Transport	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Bygningar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnehage / skole	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kultur	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Fysisk aktivitet / folkehelse	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Stadsutvikling / byutvikling	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

27) Kor viktig er følgende faktorar, etter din mening når det gjeld å få innverknad?

	Ikkje viktig	Litt viktig	Nokså viktig	Svært viktig	Veit ikkje
At personar som har kompetanse på relevante fagfelt er medlemmar av rådet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
At rådet har romslege budsjett	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
At administrasjonen deltek i rådet og drøftar/får signal på eit tidleg tidspunkt i prosessen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
At politikarar deltek i rådet og drøftar/får signal på eit tidleg tidspunkt i prosessen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
At rådsmedlemmane får opplæring i kommunal politikkutforming og prosedyrar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
At rådsmedlemmane får opplæring om viktige saksfelt til personar med nedsett funksjonsevne	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

28) Korleis kan det fylkeskommunale rådet for personar med nedsett funksjonsevne bidra til å støtte dei kommunale råda for personar med nedsett funksjonsevne?

0/4000

29) Korleis har covid-19 påverka rådarbeidet i 2020?

0/4000

30) Har du andre kommentarar til spørjeundersøkinga; skriv her

0/4000



Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no